

# Program for Finnøy Venstre 2015 - 2019.



**VENSTRE**  
Finnøy



## INNLEIING

Finnøy Venstre stillar i den føreståande perioden med ei god liste på 24 kandidatar. Det er me stolte av! Alle kandidatane har eit sterkt engasjement for kommunen, og alle representerer ulike bakgrunn, erfaring, kompetanse og ståstad.



Fire år går fort og me har mykje meir me vil arbeida for i dei komande åra. Det viktigaste for Venstre sine representantar i komande periode er å leggje grunnlaget for eit best mulig tenestetilbod for innbyggjarane våre i framtida. Anten det vert nye kommunegrenser eller Finnøy vert som i dag, er best mogleg tenestetilbod vår viktigaste oppgåve. For å få til dette er næring og samferdsel fundamentet

Difor vil Venstre mellom anna legge vekt på fylgjande område

**Utbygging av sjukeheimen** – Venstre vil umiddelbart starte prosessen med utbygging av sjukeheimen på Judaberg med byggstart seinast i 2017. Venstre vil sikre at våre eldre, også i framtida og uavhengig av kommunereform, skal få plass på sjukeheim i Finnøy.

**Næring** – Venstre vil aktivt jobbe for arbeidsplasser der folk bur, òg på dei ikkje-landfaste øyane. Både eksisterande og nye, primærnæring og andre. Me vil Aktivt arbeide for å få virksomheter til å etablere seg i Finnøy.

**Samferdsel** – Venstre vil jobbe aktivt for at hurtigbåt-/ferje tilbodet vert minst like godt som i dag – jobbe for realisering Øyfast og at det vert fortgang på sykkelstien Judaberg-Reilstad

**Venstre** vil fortsetje å påverke sentrale myndigheter i saker som er viktige for kommunen vår.

Me går inn i ei ny tid med nye kommunalstrukturar, og desto viktigare er det når me ikkje veit kva framtida bringer at vi står fast på det lokale, at me først og fremst vil jobba for oss «sjølv». Det viktigaste er at me då forankrar at det skal vera trygt og godt her på Finnøy. Eit døme er å få sjukeheimen på plass før ein eventuell kommunesamanslåing. Å fortsatt ha eit godt sjukeheimstilbod sentralt i Finnøy er ikkje sjølv sagt dersom me blir ein del av ein storkommune framtida.

Finnøy kommune er ein fantastisk kommune på mange måtar. Me har eit mangfald av folk, mange sjølvstendige næringsdrivande og eit rikt organisasjonsliv. Me har øyar, skjergard og ein natur man skal leite lenge eter. Ressursane er mange.

**I tillegg til dei fire større fokusområda over, vil Venstre spesielt leggja vekt på:**

- Levekårsutval
  - Over 80% av budsjettet blir brukt innan område oppvekst og skule, difor vil Venstre fortsetta å jobba for at det blir nedsett eit **levkårsutval** slik at desse midlane blir brukt rett. Dette for å sikra god og rett innflytelse frå de politiske partia. Spesielt med tanke på framtidig kommunestruktur.
- Kommunestruktur
  - Korleis kan innbyggjarane våre få eit best mogleg tenestetilbod? Korleis leggje best til rette for busetnad og utvikling på dei ikkje-landfaste øyane våre? Desse spørsmåla vil Venstre søkje å finne svar på før me tek stilling til kvar eventuelt nye kommunegrenser skal gå
- Lokalsamfunn - Me vil fortsatt jobbe for levande lokalsamfunn i heile kommunen der det frivillige arbeidet får ein sterkare plass, blant anna ved å gje grendalaga større innflytelse.
- Rus og Psykiatri må styrkast. Dette er eit område me ikkje har set nok fokus på i vår kommune og vil vera ein viktig sak for Venstre.

### **Desse sakene fekk me gjennomslag for i førige periode**

Felles barnevern i kommunane Randaberg, Rennesøy og Finnøy. Frivilligsentral, ungdomsråd og mottak av flyktningar. I tillegg har Venstre vore pådrivar inn mot sentrale styresmakter i saker som gang- og sykkelsti mellom Kleiva til rundkjøringa på Kvame. Taxitilbod på øyane, og ein meir liberal busettingspolitikk knyta til landbrukseigendomar.

Finnøy Venstre sitt program for 2015-2019 vil vera det viktigaste arbeids-og styringsverktøy for dei venstrekandidatar som blir valt inn i styre og anna organ i kommunen.

Venstre er eit sosialliberalt parti. Å vera sosialliberal inneber ein sterk tru på mennesket sitt skaparevne, kreativitet og ansvarsfølelse. Frihet for det einskilte individ og ansvar for fellesskapet er Venstre sine grunnleggjande verdiar.

Heilt bak i programmet finn du dei «10 liberale prinsipp for Venstre»

## INNHALD

INNLEIING .....	2
Desse sakene fekk me gjennomslag for i forrige periode .....	3
INNHALD .....	4
FINNØY VENSTRE SINE FYRSTEKANDIDATAR .....	5
Gro Skartveit – Ordførarkandidat.....	5
Ole Klingsheim .....	5
FRAMTIDIG KOMMUNESTRUKTUR .....	6
NÆRING .....	7
Primærnæringane .....	7
Andre næringar.....	7
SAMFERDSEL .....	10
OPPVEKST, HELSE OG OMSORG .....	11
Helse og Omsorg .....	11
Oppvekst.....	12
MILJØ .....	13
SAMFUNNSUTVIKLING OG KOMMUNEPLAN .....	14
Bustad.....	14
Grendalag og Vekstlag .....	14
Kultur og lagsarbeid .....	14
Påverke sentrale myndigheiter .....	15
LEVANDE DEMOKRATI I FINNØY .....	16
DEI ANDRE KANDIDATANE PÅ LISTA .....	16
10 liberale prinsipp for Venstre.....	18
KONTAKTINFORMASJON.....	20

## FINNØY VENSTRE SINE TO FYRSTEKANDIDATAR


### Gro Skartveit – Ordførarkandidat



**Gro Skartveit**  
[gro-skartveit@venstre.no](mailto:gro-skartveit@venstre.no)

**Gro** har vore ordførar for Finnøy i sist periode . Gro er sosionom og har lang erfaring frå politikk og samfunnsliv. Ho har eit stort hjarte for Finnøy kommune og vil fortsetje å setje viktige sakar for Finnøy på dagsorden i vidare utvikling av Finnøy kommune. Gro bur på Halsnøy.

### Ole Klingsheim- andre kandidat



**Ole Klingsheim**  
[ole.klingsheim@gmail.com](mailto:ole.klingsheim@gmail.com)

**Ole** er ny i lokalpolitikken i Finnøy og har eit stort engasjement for det unike Finnøy. Han meiner det er viktig å ta vare på og vidareutvikle det sereigne Finnøy har å by på, både når det gjeld næringsutvikling, lokal samfunnsutvikling, natur og kultur. Ole er sivilingeniør og jobbar til dagleg på Phillips Conoco i Stavanger. Han bur på Fogn.

Lengre bak i programmet kan du finna dei andre kandidatane som står på liste for Finnøy Venstre, i alt 24 gode namn frå heile kommunen. Du vil også finna kontaktinfo.

## VIKTIGE SAKAR FOR FINNØY VENSTRE

### FRAMTIDIG KOMMUNESTRUKTUR

Alle kommunar i landet har fått i oppdrag frå regjeringa å utgreie om ein skal endre kommunegrensene. Finnøy er no midt i dette arbeidet. Kommunestyret har vedtatt å utreda tre alternativ, og endeleg vedtak skal gjerast i juni 2016. Spørsmål om framtidig kommunestruktur vert det viktigaste spørsmålet den fyrste delen av komande kommunestyreperiode

For Finnøy Venstre er det viktigaste at me bevarer og utviklar den unike identiteten og kulturen me allereie har, og at me opprettheld og vidareutviklar tenestetilbodet i alle delar av kommunen.

Venstre trur ikkje at tenestetilbodet på ulike område automatisk vert betre om ein slår seg saman med andre kommunar. Heller ikkje at større kommunar automatisk gjer betre økonomi, billegare tenestetilbod eller betre båttilbod. Finnøy får ikkje færre øyar om me slår oss saman med andre.



Det som er viktig for Venstre er å kartleggje korleis innbyggjarane våre kan få eit best mogleg tenestetilbod. Når me veit svaret på dette spørsmålet veit me og meir om, og korleis kommunegrensene bør endrast. Dersom Finnøy kommune i framtida skal ha same kommunegrensar som i dag er me uansett nøydde for å ta grep som fører til sterkare fagmiljø på ein del område..

For å finne ut kva som er best for Finnøy si framtid og innbyggjarane våre er me nøydde til å ta grundige samtalar med dei aktuelle kommunane. Der vil me leggja vekt på dei fire kriteria regjeringa sitt ekspertutval legg til grunn for god kommunestruktur: Tenesteyting, myndigheitsutøving, samfunnsutvikling og lokal politisk styring.

#### For Finnøy Venstre betyr dette:

- At tenestetilboda vert opprettheld eller betra i høve til i dag
- At sjukeheimstilbodet og bustader til andre som har behov framleis vert på Judaberg
- At det vert eit servicekontor på Judaberg
- At busetnad på dei ikkje-landfaste øyane har høg prioritet
- At Finnøy sine spesielle utfordringar når det gjeld geografi vert tekne omsyn til
- At lokal politisk styring vert sikra, til dømes gjennom grendalaga
- At eksisterande og nye næringar blir gitt rom for vekst og utvikling
- At båttilbodet vert opprettheld eller betra i høve til i dag

I denne prosessen vil me lytte til innbyggjarane gjennom ulike former for dialog. Venstre vil vurdere rådgjevande folkeavstemming.

## NÆRINGSUTVIKLING

Politikarane si rolle er å vera aktive pådrivarar i å leggja til rette for næringsutvikling i heile kommunen. Leggja til rette slik at både attraktivt for eksisterande næring og for ny etablering. Finnøy har så utrulig mykje å by på – me må tenkje nytt og gjera oss interessante for nye/andre.

Det er viktig å leggje til rette for at folk kan bu og arbeide i kommunen, arbeidsplassar i nærleiken av der folk bur.

Me er framtidsoptimistar og har tru på innovasjonskrafta i kommunen,. Me mange døme på det i vår kommune. Me ser gode føresetnader er til stades i regionen – sterk leverandørindustri, teknologi kompetanse, matkompetanse, forskingsmiljø, innovasjon, nyskaping og evne til omstilling

Me vil bygge vidare på dei allereie eksisterande ressursar – personar, selskap, anlegg og aktivitetar – primærnæringane, turisme, entreprenørar og kunnskapsarbeidsplassar mv.

### Primærnæringane



Primærnæringane landbruk og havbruk har vore, og er framleis ein viktig del av næringsaktiviteten i Finnøy.

Finnøylandbruket har lange tradisjonar som ein viktig leverandør i Matfylket Rogaland. Dette skal vi ta vare på og vidareutvikle. Finnøy Venstre ynskjer å ta vare på mangfaldet i landbruket og bidra til ein variert matproduksjon med spennande lokale spesialitetar i tillegg til den viktige

volumproduksjon.



Havbruksnæringa er stor i Finnøy. Dette gjeld særleg laksenæringa. Næringa gir arbeidsplassar i kommunen og er viktig for den norske verdiskapinga. Venstre vil leggja til rette gode vilkår for næringa. Men me ønskjer at ein større del av verdiskapinga blir verande igjen i kommunen.

Finnøy Venstre ser store muligheiter og ønskjer å satse på innovasjon og kunnskap på ny og eksisterande <akvakultur> i kommunen. (*kråkeballar, torskeoppdrett, rensefisk, østers/kamskjel, hummar mv*)og vil støtta opp om etablering av ein Akvapark Innovasjon i Finnøy.

### Andre næringar

Finnøy er i ferd med å få god bredde i næringsstrukturen. Me vil sikra den etablerte næringa samt dyrka fram ny verksemd. Dette skal skje ved målretta arbeid for å gjera det attraktivt for store og små verksemdar å etablere seg i kommunen.

**Reiselivet** er i utvikling og det blir jobba med innovative prosjekt og tiltak for å auke næringsaktiviteten i kommunen. Her skal Finnøy kommune visa leiarskap, ha ein aktiv rolle i utvikling av reiselivet . Her ønskjer Venstre å ansvarlegare kommunen sin rolle ved å tydeleggjera kven i kommunen som skal ha ansvar for reiselivssatsinga (kven i kommunen skal ta telefonen?)Her må kommunen inn i større grad enn tilfelle er i dag og samle kommunen (og regionen) – samkøyra dei ulike aktørane og aktivitetane .

**NOKRE KVALITETAR- MULEGHEITER☺**

*«Tomatproducentane, Ryfylkelaks, Ryfylkekokken, Ryfylke Livsgnist, Ramsvik, Erås, Skartveit Gjetehavn, Helgøy Marina, Ombo Marina, cruise/safari, sykkeltur, topptur, alle toppane, øyhopping, ...*

*Skumme av cruiseturismen, få ein del av cruisekagå – cruise med Restauration, tomattur/drivhus – ref. Preikestolen er største turistmål i Norge.*

*Tomatfestivalen , unik tur i matfylket, reinaste, beste mat i verden – inn drivhus i verdens reinaste, beste land. (journalister) på Ryfylkesafari – skinke, kveite, tomatar, laks, frukt, bær, urter, Rymat, Ryfylkekokken, Ramsvik til lunch, Sjernerøytun, hytteutleige, Norda-Hidle, lyse etter krabbe, mat på ein kai, kjøre i traktor frå kaia til drivhus, drikke tomatjuice, få med matpakkar, fråtse i tomatar – utruleg mykje unikt – kjempeeksotisk – alt tilbake til Finnøy. Får dekning i heile verda, journalistane ville stått i kø»*

Finnøy kommune har ikkje flust av areal for tilrettelegging av større industri. Venstre meiner difor at Finnøy i større grad bør satse på såkalla kompetansesarbeidsplassar (som «berre» krev kontorareal). Ved å fortsetje å satse på god infrastruktur med breiband og mobildekning i heile kommunen kan folk jobba frå heile kommunen.

Finnøy kommune har delteke i EU-prosjektet Vital Rural Area. Prosjektet er slutt, men Finnøy må byggje vidare på tiltak som er utarbeida i dette prosjektet. Dette gjeld blant anna helse og livsstils-satsing og omdømebygging/profilering .

Venstre vil vidareutvikle kommunen (og næringshagen) si blågrøne profil innan landbruk, havbruk, reiseliv og kultur, samt vidareføre tenestekjøpet kommunen gjer med næringshagen. Administrasjonen bør ha ein meir aktiv rolle i samarbeidet med næringshagen.

Venstre meiner kommunen treng ein overordna modell for samarbeid mellom dei ulike aktørane innan politikk, administrasjon og næring der fylkeskommunen og Greater Stavanger sin strategiske næringsplan er integrrert i modellen.



**For Finnøy Venstre betyr dette at** kkommunen skal ta aktiv del i næringsutvikling ved å:

- Etablere ein ny modell for samarbeid mellom Finnøy Kommune (politisk og administrativt), Ryfylke Næringshage og Finnøy Næringsforening
  - ha modellen i full drift i løpet av 2016 (inkludert møter og 10-punkts serviceliste for samarbeid mellom næringsliv og kommune)
- Få på plass ein strategisk næringsplan med tilhøyrande handlingsplan og målstyring
  - kontinuerlig oppfølging av handlingsplan og mål
  - kvartalsvis/halvårlig rapportering/oppfølging i kommunestyret
- Etablere ein «næringsminister» / næringspolitisk talsperson med særskilt ansvar for (politisk) oppfølging av plan og mål – bredt politisk forankra.
- Fortsatt støtte opp under Ryfylke Næringshage og å bruke næringshagen aktivt
- Vidareutvikla entreprenørskap og etableraropplæringa i samarbeid med skule og lokalt næringsliv
- Styrke Finnøy som reiselivskommune ved å definere særskilte turist-stader og leggje til rette for aktørar som vil satse på overnattingstilbod.
- Styrke landbruket og bøndene sin økonomi ved å støtte alternative måter å skaffe seg inntekter på, anten ved tilleggsnæringer eller andre tiltak
- Vera ein pådrivar for nyetableringar.
- Støtta opp under Lokalmat utvikling
- Jobba vidare for arealavgift havbruk – her må me jobba saman med andre kystkommunar og påverke sentrale myndigheitar/ politikk.
- Støtta opp under etablering av ein Akvapark Innovasjon på Finnøy.
- Støtta opp under 10-punktslista for samarbeid mellom næringsforeninga og kommunen for å få eit effektivt og godt samarbeid mellom næringsliv og kommune.



## SAMFERDSEL

Skal me ha ein levande kommune på mange område, er ein av dei viktigaste føresetnadene for dette at det er gode kommunikasjonsmåtar.

Stort sett alle vedtak som går på dette området vert ikkje gjort av politikarar i Finnøy. Det er fylkeskommunen som har ansvar for, og midlar til både vegprosjekt og båttilbod. Ei særskild viktig oppgåve for politikarane i Finnøy er difor å ha god dialog med dei som tek avgjersler i fylket.

Venstre garanterer at me vil synleggjere utfordringar og behov som er i kommunen og vil mellom anna jobbe aktivt mot både stat og fylke når det gjeld gjera heile Finnøy landfast. Venstre ynskjer "Øyfast", men tiltaket må og finansierast med bompengar. Kor høge dei kan vere vil me ha dialog med innbyggjarane om. Men me ser det som heilt utenkelig at dagens bompengesatsar skal vere vidare i fleire tiår.

Me ser det og som særskild viktig at verken ferjetilbod eller hurtigbåttilbod vert redusert. Tvert om vil me jobbe for at det vert styrka, mellom anna etter opning av Sandsfjord bru. Hurtigbåttilbodet er framleis svært viktig for store delar av kommunen og det skal prioriterast.

Å jobbe for betre koordinering av rutetidene mellom ferje og hurtigbåt vil gje betra tilbod utan ekstra kostnader.



Når det gjeld sykkelstien mellom Judaberg-Reilstad vil me framleis presse på regionale og sentrale myndigheter for å få denne gjennomført så snart råd er.

### For Finnøy Venstre betyr dette:

- At me opprettheld og betrar båttilbodet i høve til i dag
- Jobbe for Øyfast- samanbinding av øyane i Finnøy med fastlandssamanbinding.
- Byggja gang- og sykkelsti Judaberg-Reilstad
- Fokus på samferdsle i den politiske leiinga - «Samferdselsminister»/ talsperson.
- Jobbe med alternative strategiar for samferdsle i Finnøy, parallelt med «Øyfast»

## OPPVEKST, HELSE OG OMSORG

Sosialt ansvar og oppvekstvilkår er kjernesaker til Venstre. Når me skal fordele ressursar er det alltid dei som treng det mest som skal prioriterast.

Oppvekst og levekår er dei områda som krev mest økonomiske ressursar. Heile 85 % av budsjettet til kommunen går til desse tenestene.

Venstre meiner oppvekst og levekår skal ha større fokus hjå politikarane enn kva som er tilfelle i dag. Finnøy kommune har ikkje eige politisk utval som har fokus på desse sakene. Dette vil Venstre endre på. Me vil opprette eit eige utval for oppvekst og levekår slik at desse tenestetilboda får større merksemd enn kva som no er tilfelle. Dei fleste kommunane i Rogaland har politiske utval av denne typen, og venstre trur at tilbodet til dei ulike brukarane vil bli betre dersom me óg får eit slikt utval. Dersom me skal endre på kommunegrensene er dette særst viktig fordi det då er svært mange vurderinga og avgjerder som skal bli teke i ei eventuell samanslåing.

### Helse og Omsorg

Venstre ynskjer mellom anna å ha fokus på desse sakene i perioden:

- Utbygging av sjukeheimen må starte i 2016 og blir igongset i 2017
- Opprette levekårsutval
- Det er viktig å skape gode arbeidsmiljø i pleie og omsorgssektoren der det er stor fare for slitasje og utbrenthet blant dei tilsette. Alternative tursnusordningar enn kva som er i dag bør vurderast i samråd med tillitsvalte.
- Det er eit mål at eldre og hjelpetrengjande kan bu lengst mogleg heime. Venstre vil difor prioritere tilstrekkelig ressursar til dette. I tillegg må Finnøy snarast råd er starte ein prosess for å ta i bruk veldferdsteknologi.
- Venstre ynskjer at kommunelege, eldreråd, helselag, råd for funksjonshemma og andre skal nyttast til høyring i aktuelle saker i mykje større grad enn kva som vert gjort i dag..
- Politikarar skal jamleg bli informert om kor mange/og kor lenge brukarar står på venting for dei ulike tilboda kommunen gjev.
- Ein gong i året skal det arrangerast møte der politikarar møter eldreråd, kommunelege og eventuelt andre der ein kan høyre deira syn på aktuell situasjon.
- Finnøy venstre ynskjer at det snarast mulig vert laga langsiktige og konkrete målsettingar og strategiar i tenestetilbodet innan omsorgssektoren. Dei som går inn i den aller siste fasa av livet skal få best mogleg omsorg, pleie og respekt. Finnøy Venstre ynskjer difor å ha fokus på korleis me kan betre dette tilbodet.
- Dei som slit med den psykiske helsa skal få eit best mogleg tilbod. Dette vil seie at ein til ein kvar tid må vurdere om ressursane ein nyttar er store nok, og om tilbodet er godt nok. Det er kjent at mange av innbyggjarane i Finnøy òg slit med lettare psykiske plager. Desse må få tilbod om hjelp på eit så tidleg stadium som råd er.
- Det er mange som har utfordringar med ulike typar rus i kommunen vår, noko som vert stadfesta av konsultasjonstal på legekantoret. Rusområdet må ha større fokus i kommunen, både når det gjeld hjelp til dei som rusar seg, pårørande og førebyggjande



tiltak. Det må òg kartleggjast om dei som slit med kombinasjon av rus/psykiatri får gode nok tilbod.

- Pårørande er ein viktig ressurs, i tillegg kan dei ha behov for støtte og rettleiing. Finnøy kommune må gå gjennom og sjå om dei har gode nok rutinar for å fange opp pårørande sine innspel/behov
- Frisklivsentral og førebyggjande helsearbeid skal prioriterast
- Frivilligsentralen skal følgjast opp og få gode vilkår.
- Oppretthalda tilbodet på Faatunet.
- Oppretthalde tilbodet på Arak, og etablere meir egna lokalar
- Lovpålagte tenester skal alltid overhaldast innan tidsfristane



## Oppvekst

Helsesøster gjer eit svært viktig arbeid, mellom anna på det førebyggjande planet. Ressursane i Finnøy er mykje lågare enn i mange andre kommunar og dette arbeidet må difor styrkast.

Det skal og vere viktig, både for politikarar og tilsette i kommunen å lytte til innbyggjarane sine erfaringar når det gjeld ulike område, ein har mykje å lære av foreldre som har barn med spesielle behov, dei har viktig kompetanse å formidle som Venstre vil lytte til.



I Finnøy har me svært mange kompetente og dyktige lærarar. Kva som skal til for at lærarane får inspirasjon og påfyll i kvardagen er noko me vil lytte til.

- Auke ressursane til helsesøster
- Dagens undervisningsform passer ikkje for alle. For desse elevane vil Venstre etablere alternative opplæringsarenaer
- Venstre vil årlige møter mellom skulane, FAU, Kulturskulen, og politikarane kor ein går gjennom resultat, får presentert utviklingsmål, satsingar skulen gjer og kor ein diskuterer utfordringar skulen har.
- Så sant det er pedagogisk forsvarleg ynskjer Venstre å opprettehalde skulestrukturen slik den er i dag.
- Det vert fleire og fleire barn i kommunen vår Sjølv om det er lagt ein plan for utbygging av barnehagetilbod må me tidleg i valperioden lage ein plan for framtidig utviding av barnehagetilbodet. Venstre vil arbeide for to barnehageopptak i året.

## MILJØ

Venstre har markert seg sterkt som eit miljøparti. Som enkeltpersonar, kommune, eller for eit lite land i den store verda, føler vi på at det er ikkje mykje vi kan gjera. Men miljøskader kjem først og fremst av overforbruk og mangel på alternativ. Overforbruket kjem av auka vekst og velstand. Dette er eit paradoks som vi bør vera oss bevisst både i privat og offentleg forvaltning. Difor kan vi gjera meir for å bli meir miljøbevisste i kommunen

### **For Finnøy Venstre betyr dette:**

- Tømring, sortering og tilgang til miljøstasjon bør betrast for heile kommunen.
- Innbyggjarane skal motiverast til miljøbevissthet og engasjement
- Sjøppeldunkar på alle offentlege plassar
- Offentlege tenestebilar skal vere så miljøvennlege som råd er
- Støtte opp under bioenergisatsingar og andre energiøkonomiserande tiltak.
- Utbyggingar i kommunal regi skal ta omsyn til energiøkonomisering (ENØK)
- Støtte opp under miljøengasjement i regi av barnehagar og skular

Som det leiande miljøpartiet er det er det positivt å sjå at fleire og fleire ser kor viktig det er med eit sterkt miljøengasjement.

## **LOKAL SAMFUNNSUTVIKLING**

### **Bustad**

Tilrettelegging for bustadbygging må prioriterast på eit høgt plan i alle delar av kommunen i komande periode

Bustadbygging krev ein differensiert politikk etter kor i kommunen det gjeld. I nordre del av kommunen kan ein ha ei meir liberal holdning enn i "pressområda" lenger sør.

- I tider der det er press på administrasjonen og lang saksbehandlingstid må ein leige inn eksterne krefter som kan jobbe med konkrete prosjekt.
- Det bør leggjast til rette for gardshus nr. 2, frådelling av einskilttomter og private husklyngjer på øyane som ikkje har fått fastlandsforbindelse
- Kommunen må prioritera tilgang til byggjeklare tomter i heile kommunen.

### **Grendalag og Vekstlag**

Venstre meiner grenda-og vekstlaga i kommunen bør styrkast, både som høyringsinstans og som den utviklingskrafta desse laga representerer i deira lokalsamfunn. Dette arbeidet blir spesielt viktig dersom Finnøy blir ein del av ein større kommune, dette ved at lokaldemokratiet med det kan bli ivaretatt og styrka i ein storkommune. Finnøy kommune har delege i prosjektet «livleg engasjement» som lagar politikk, verktøy og metodikk for grenda-og vekstlag, ikkje berre i Finnøy, men også for andre distriktskommunar. Venstre vil følgje dette prosjektet og sjå på kva som bør vidareførast av tiltak når prosjektet skal slutførast i løpet av 2016.

- Faste møter mellom grenda-og vekstlag, politikarar og administrasjon.
- Gje grendalaga meir innflytelse ved å leggja til rette for at dei kan vera ein aktiv høyringsinstans i saker som omhandlar utvikling av lokalsamfunna.
- Gje eit tilskot som kan nyttast til arbeid i laga.

### **Kultur og lagsarbeid**

All form for aktivitet av og mellom menneskjer er viktig for et lokalsamfunn. Venstre meiner at det er viktig at menneska får høve til å frigjera byggjande krefter åndeleg – sosialt, mentalt og fysisk. Difor må kommunen sin kulturpolitikk vera å støtta alle byggjande krefter, utan å styra eller favorisera enkelte deler.

Organisasjonslivet og det store spekteret av frivillige lag og organisasjonar, tilbod og tiltak er ei berejle i kommunen vår. Dette viktige arbeidet må det byggjast vidare på. Det er også viktig å ønske nye kulturtilbod velkomne for å kunne gje eit breidt tilbod til innbyggjarar som det i vår kommune blir fleire av. Eit døme er våre nye utanlandske innbyggjarar.

Venstre vil støtte opp under utvikling av Otto-huset som kulturtun. Kulturtun-satsinga hjå Otto-huset er ei større satsing som er planlagt. Vidare vil Venstre støtte opp under andre satsingar som Erås museum på Fogn, handverksinstitusjonar og andre kulturinstitusjonar i Finnøy. Tomatfestivalen kvart år er eit lagsarbeid der det blir lagt ned mykje dugnadsarbeid, ein festival som er viktig for Finnøy sin identitet og marknadsføring.

Finnøy kommune sitt nye bibliotek på Judaberg er ein viktig møteplass for innbyggjarane.

Kulturlandskap og natur er eit av dei største aktiva kommunen har. Dette må takast vare på, og markerast sterkare som ein del av vår identitet. Venstre støttar difor satsingar med føremål å få folk ut i kulturlandskapet som til døme tursti-arbeid.

Venstre ser førebyggjande og motiverande ungdomsarbeid som eit viktig ledd i kulturen. Ungdom i Finnøy er den viktigaste kulturressurs kommunen har. Difor må kommunen prioritera ressursar på dette området.

Kulturprisen skal fortsatt delast ut anna kvart år.

Venstre vil prioritere å AUKE økonomisk tilskot til lag og organisasjonar. Me ynskjer og å prioritere tilbod til framandspråklige og tiltak på dei ikkje landfaste øyane.

## **PÅVERKA SENTRALE MYNDIGHEITER.**

Svært mange av vedtaka som vert gjort av regionale og sentrale myndigheter påverkar ulike forhold i Finnøy. Difor er det særskilt viktig at folk i kommunen vår er aktive mot dei som fattar desse vedtaka. Det gjeld både Rogaland Fylkeskommune, Vegvesenet, Kolumbus, Storting og Regjering

Venstre vil ha eit sterkt trykk retta mot desse instansane i aktuelle saker, t.d. når det gjeld hurtigbåt/ferjetilbod, vedtak om kommunegrenser, kommuneplanen, landbruksoppgjær, kommuneøkonomi, gang-sykelsti og øyfast

## LEVANDE DEMOKRATI I FINNØY

Venstre er opptekne av at lokaldemokratiet skal fungera. Dette er avhengig av engasjement!

Reduksjon av talet på kommunestyrerepresentantar kan gå utover minoritetar og sin mulegheit til å nå fram med si røyst. Det er viktig for Venstre at makta ikkje skal vere samla på få personar, difor ynskjer me heller ikkje å kutte ut forvaltingsstyret. Venstre vil heller auke den politiske medverknaden i kommunen ved å opprette eit utval for oppvekst og levekår.



Venstre vil understreke at politikarane er til for innbyggjarane i kommunen, ikkje omvendt. Det vil seie at det er særst viktig å lytte til erfaringane innbyggjarane har, på mange ulike område. Det er innbyggjarane som merkar korleis dei politiske vedtaka fungerer i praksis, difor skal me lytte til erfaringskompetansen. I ein så liten kommune som Finnøy har vi mulegheit til kort veg mellom folket og dei folkevalde. Denne vegen må nyttast betre enn i dag, difor vil Venstre mellom anna:

- At dei folkevalde skal disponere eit kontor på rådhuset slik at ein har ein god møtestad mellom innbyggjarar og politikarar
- At dei kommunale møta nokre gonger vert flytta ut av rådhuset og til dei andre øyane
- At arbeidet dei ulike grendalaga gjer skal verdsetjast og få økonomisk støtte-
- At grendalag, eldreråd, ungdomsråd, råd for funksjonshemma og ulike frivillige organisasjonar i større grad vert nytta som høyringsinstans
- At dei folkevalde og administrasjonen skal bli godt kjend med dei ulike utfordringane som fins i heile kommunen. Mangfaldet i kommunen er blitt større etter Finnfast. Det er viktig å sjå til behova på alle øyane. Venstre ynskjer å jobbe for at heile kommunen skal vere livskraftig.
- **FOR Å GJERE GODE VEDTAK, BÅDE I POLITIKK, OG ADMINISTRASJON ER DET VIKTIG MED GOD DIALOG MELLOM INNBYGGJARANE OG DEI SOM SKAL TA AVGJERSENE. BÅDE POLITIKARAR OG ADMINISTRATIV LEIING BØR PRIORITYRE Å MØTE INNBYGGJARANE VÅR TIL DIALOG OG MØTER I LOKALSAMFUNNA.**
- Innbyggjarar som tek kontakt med administrasjonen skal møtast på ein respektfull måte og det er viktig med ein jamleg evaluering om korleis innbyggjarane har opplevd dette møte.
- Det bør gjennomførast faste møter mellom grendalaga, politikarar og administrasjon. bevisstgjering rundt habilitet, målet er at grunnlaget for alle vedtak » kan stå i avisa»



## DEI ANDRE KANDIDATANE PÅ LISTA

- 3) Bjarte Austbø (1958), Bonde 4160 Finnøy
- 4) Eline Wolden Bersagel ,( 1963), Konsulent helse - 4187 Ombo
- 5 )Bjørn Bringeland, (1996), Ungdomskandidat -4182 Skartveit
- 6) Eldbjørg N. Daniels (1943), Pensjonist, -4160 Finnøy
- 7) Jan Sigve Eike, ( 1973), Driftsassistent 4182 Skartveit
- 8) Øystein Eike, ( 1956), Røkter -4182 Skartveit
- 9) Line Fugledal , (1996,) Ungdomskandidat -4160 Finnøy
- 10) Bjørn Egil Gard ( 1955,) Elektrikar, - 4163 Talgje
- 11) Sveinung Handeland ( 1965), Bonde/ Miljøterapeut- 4160 Finnøy
- 12) Anita Mjøltnes Helle (1982) Sølvsmed-4160 Finnøy
- 13) Rasmus Hidle (1934), Pensjonist, -4173 Nord-Hidle
- 14 )Marina Kobzeva Horve, (1977), Sjukepleiar -4160 Finnøy
- 15) Kjell Harald Lunde, (1958), Bonde -4160 Finnøy
- 16 )Merethe Maberg, (1982), Lærer/Leiar Ottohuset- 4182 Skartveit
- 17) Jan Asjen Mensink, (1957 ), Fysioterapeut - 4160 Finnøy
- 18) Else Norheim (1959), Lettmatros-4170 Sjernerøy
- 19) Heidi Skifjell, (1964), Leiar Ryfylke Næringshage - 4182 Skartveit
- 20) Assylgul Zhumyrbayeva ,( 1977), Heimeværande - 4160 Finnøy
- 21) Henry Ådland, Gartnar, (1964), 4187 Ombo
- 22) Harald Wiig Bjørn-Nielsen, (1956), økologisk bonde/butikkdriver -4168 Byre
- 23) Mariann Nårstad Joa, (1977), Bussjåfør/ heimearbeidande- 4170 Sjernerøy
- 24) Audhild Ferstad ,(1964), Rekneskapssjef- 4160 Finnøy

## 10 liberale prinsipp for Venstre

### 1. Friheten skal gjelde overalt, for alle

Liberalismens mål er enkeltmenneskets frihet. Venstre vil utvide den enkeltes mulighet til å ha makten i eget liv – uavhengig av kjønn, livssituasjon og bakgrunn. Vi hviler først når friheten gjelder overalt, for alle.

### 2. Det personlige ansvaret er ufravikelig

Alle har ansvar for egne valg. For Venstre er dette like grunnleggende som retten til frihet. Vi er overbevist om at den som gis anledning til å ta ansvar, griper muligheten – og gjennom det vinner økt verdighet og frihet. De som trenger samfunnets hjelp til å leve et verdig liv, skal få det.

### 3. Alle har ansvar for hverandre, for miljøet og for kommende generasjoner

Alle har ansvar for hverandre og for å sikre at kommende generasjoner har samme muligheter til frihetsutfoldelse som oss. Vi plikter å hjelpe andre med å sikre forutsetningene for frie liv, blant annet gjennom å bygge sterke felles institusjoner, ved å bekjempe fattigdom og ved å respektere naturens egenverdi og bærekraft.

### 4. Virkelig frihet forutsetter felleskap og rettferdighet

En fri verden kjennetegnes av rettferdighet, verdighet og muligheter for alle. Frie samfunn har lokale, nasjonale og globale felleskapsinstitusjoner og et godt sikkerhetsnett for alle. Frie samfunn er rettferdige og åpne – hvor enhver person med de nødvendige evner og innsatsvilje, skal kunne nå enhver posisjon i samfunnet.

### 5. Alle er likeverdige, men ingen er like

Liberalismen er raus. For Venstre er det en verdi i seg selv at mennesker er ulike og tar ulike valg. Respekten for ulikhet inkluderer fordi den innebærer nysgjerrighet i møte med det ukjente, og toleranse for at det gode liv ikke er likt for alle. Toleranse betyr respekt, ikke likegyldighet eller feighet.

### 6. Politikk skal fremme livskvalitet og menneskelig vekst

Det liberale engasjementet for frihet går lengre enn å sikre alle materiell trygghet og velstand. Overalt i verden kjennetegnes det gode liv av mer enn det materielle – av kultur og åndsliv, frivillig arbeid og læring. Liberal politikk skal sikre dette som reelle muligheter for alle i et samfunn.

### 7. Politisk makt skal komme nedenfra

Politisk makt og styring skal forankres i demokratiske institusjoner med stemmerett for alle. Demokrati, ytringsfrihet, organisasjonsfrihet, og trosfrihet er grunnleggende liberale rettigheter. De viktigste avgjørelsene som gjelder fellesskapet, skal tas av folkevalgte organer.

### 8. Makt skal spres og balanseres

Et liberalt samfunnssystem består av fire bærebjelker: Demokratiet, rettsstaten, det sivile samfunn og markedsøkonomien. Venstre er opptatt av å sikre disse institusjonenes åpenhet, uavhengighet og samspill. En slik spredning av makt og

åpenhet om maktutøvelse er nødvendig for å hindre autoritær politikk, maktmisbruk og korrupsjon.

### **9. Den liberale staten er upartisk, sterk og begrenset**

Den liberale staten må bygge sterke fellesskapsinstitusjoner for å sikre frihet og muligheter for alle, uten å frata den enkelte ansvar. Staten må være nøytral overfor livssyn. Den liberale statsmakten må respektere begrensningene i egen makt, og dens systemer skal være enkle og tilgjengelige for borgeren. Staten har et spesielt ansvar for å verne om mindretallets rettigheter. For liberale er det forskjell på det vi ikke liker og det vi vil forby.

### **10. Liberalismen er optimistisk og alltid underveis**

Det liberale samfunnet er alltid underveis og åpent for bedre løsninger, skapt gjennom kraften i de bedre argumenter og gjennom mennesker som får brukt evnene sine. Venstres optimisme er grunnlagt på en sterk tillit til menneskenes skaperkraft og på en tro på at det i fellesskap er mulig å legge grunnlag for frie liv, overalt - for alle.

**Kilde: [www.venstre.no](http://www.venstre.no)**

## KONTAKTINFORMASJON

**Heimeside:** [www.venstre.no/lokal/rogaland/finnoy](http://www.venstre.no/lokal/rogaland/finnoy)  
Følg oss på Facebook: «Finnøy Venstre»



Gro Skartveit – Ordførarkandidat

Mobil 997 37 817

epost [gro.skartveit@venstre.no](mailto:gro.skartveit@venstre.no)



Ole Klingheim – 2.kandidat

mobil 915 66 481

epost [ole.klingsheim@gmail.com](mailto:ole.klingsheim@gmail.com)



Heidi Skifjell – leiar Finnøy Venstre

mobil 975 02 974

epost [fnhage@finnoy.com](mailto:fnhage@finnoy.com)